

Oppsummering frå gruppearbeid:

Innspel frå tre grupper med politikarar (delt på tvers partipolitisk og kommune):

1. Kva ønskjer vi å oppnå med reforma?

Vi ønskjer å få gode fagmiljø (for små blir ei øde øy)

Som større kommune har ein større føresetnad for å bli betre som samfunnsutviklar og auke folketalet.

Ein står betre saman i lag i samfunn-saker til dømes samferdsel. Ein må stå samla i regionen for å få gjennomslag på stortinget.

Ein vert meir slagkraftige inn mot Regjeringa - og det er ein styrke for lokaldemokratiet

Vi kan få felles plan for infra -struktur som til dømes breiband og så vidare.

Næringslivet treng større bu og arbeidsmarknad.

For at næringslivet skal utvikle seg trenger vi betre og ferjefrie veier, kortare reisetid til flyplass (Vigra).

Ein må bruke verdiskapinga i næringslivet som ein plussfaktor for reforma.

Ein vil få ei meir heilskapleg samfunnsutvikling i Nordfjord.

Ein er NØDT til å klare å bygge opp samarbeidskultur i ei større kommune. Det vil og må gå seg til - og nøkkelen er då å sitje rundt same bordet, ikkje rundt tre ulike bord.

Dette er ein konsolideringsprosess. Det må jobbast med å skape ein "familiefølelse" og ein felles kultur i ei ny kommune. Det kjem ikkje av seg sjølv, men må jobbast fram.

Trur det er mulig å bygge felles kultur.

Gjennomgåande frå Selje-representantane i gruppa: Samarbeid nordover blir etterlyst (men ligg utanfor mandatet til denne gruppa - utover at Vanylven er invitert inn i vår prosess.

Tenestetilbodet er det folk er opptatt av. Det ligg i botn! Attraktivitet: Det er ein nøkkel for utvikling no - det vil bli lettare i ei større kommune (dele suksesshistorier - og større fagmiljø for dei som skal jobbe her)

Folk ser kva som skjer i praksis. Dersom ein til dømes får ei skulenedlegging der og då - samtidig med ei kommunesamanslåing - då er ein ille ute og køyre i prosessen og "klimaet" for samarbeid.

Ein skal prøve å finne "best praksis" i dei tre kommunane - samtidig skal strukturen på tenesteytinga stå fast i dei nye kommunane. Det heng ikkje nødvendigvis saman.

Ved å slå oss saman, har vi betre moglegheiter for å oppretthalde eit moderne tenestetilbod.

2. Prosessen vidare:

Ein bør ta ei ny runde med kommunane Vanylven, Bremanger og Gloppen, for å få dei med i eit samarbeid.

Ein må få ei oversikt over alle som arbeider med t.d. plan og utvikling, barnevern og så vidare.

Ein bør byrje å arbeide med modellar for fordeling arbeidsplassar/funksjonar.

Det saknast ein del stader ei "samlekolonne" der ein syner fram fakta for kvar av dei tre kommunane

Kan ein kople på dei tre ungdomsråda i større grad?

Ein bør byrje å beskrive kva tilbod som skal ligge nær publikum/folket – Kva tilbod skal ligge på Eid – Vågsøy – Selje. (Eksemplifisere)

Vi treng større fagmiljø for å trekke til oss ny arbeidskraft og få betre økonomisk handlingsrom. Vi treng store, sterke, robuste miljø innanfor rus, skule, helse, osv.... Det kjem stortingsmeldingar i løpet av hausten 2015 og 16 som vil forsterke dette. Det bør snarast lages ein intensjonsavtale med konkrete arbeidsoppgåver som må fases ut til "folket". Kommunenamn bør bestemast tidleg i prosessen.

Få alle data inn i ei felles matrise: Vi må ha eit talgrunnlag det er semje om. Klart oppdrag til dei tre rådmennene.

Vi må få samanliknbare fakta på bordet - Kostra-tal er ikkje godt nok her.

Rådmannen i Vågsøy sine tal var interessante, men ut over det handlar mindre enn vi trur no om tal - handlar om å avklare reell vilje!!

KOSTRA-tala er rett i den store samanhengen. Det er store fordelar med å kome under felles styre.

Det er fyrst og fremst ei politisk avgjerd. Det er det det handlar om - sjølv om kunnskap og faktiske data også er viktig. Spissformulering: "Det er få ekteskap som er basert fullt og heilt på statistikk. I alle fall ikkje mitt."

Viktig at dei tilsette blir godt inkludert i prosessen.

Skal dette vare i "50 år", eller skal det berre vere ei overgangsordning. (Døme: Dersom vi meiner alvor og tenkjer langsiktig, kan vi f eks byggje eit nytt kommunehus på ein stad "i midten" for dei sentraladministrative funksjonane - og så fordele arbeidsplassar/funksjonar elles mellom dei andre. Dersom vi berre tenkjer oss den nye kommunen som ei midlertidig mellomøysing, er dette mindre aktuelt/rasjonelt).

Grappa med tillitsvalde:

Organisering av buområde i store og små kommunar er ikkje arbeidstakarorganisasjonane si oppgåve å uttale seg om. Dette er ei politkaroppgåve.

Vårt ynskje er at medbestemmelsen vert ivareteke.

Vi vil sjå til at dei tilsette sine lønns og arbeidsvilkår vert ivaretekne på ein god måte. Ulike avtalar innan kommunene må vidareførast utan ulemper for dei det gjeld.

Vi som tillitsvalde krev å få vere med i prosjektgruppa der debatten og utforminga går føre seg,, for å på best mulig måte kan ivareta dei tilsette sine interesser.

Apell til felles Formannskapsmøte EVS 27.08.15

Vi er 3 tillitsvalde som sit i styringsgruppa; Barbro Os Noste frå Fagforbundet Eid, Johan Waage frå Utdanningsforbundet i Vågsøy og Sissel Solheim frå Fagforbundet Selje. Vi representerar fagorganisasjonane i alle tre kommunane, og har fortløpande kommunikasjon med dei tillitsvalde i dei respektive kommunane i Nordfjord.

For oss som tillitsvalde er det viktig at vi kjem tidleg med i prosessen. Tidlegast mulig kan av og til vere eit vanskeleg tolkingsspørsmål. Vi vil i alle høve understreke at det er viktig med reell deltaking. Med deltaking meiner vi medbestemmelse, medinnflytelse og informasjon. Vi ynskjer å halde fram med ein open og inkluderande prosess. Slik har det ikkje vore i alle høve.

Vårt utgangspunkt er å ivareta og sikre dei tilsette sine rettar og interesser i utgreiingsarbeidet. Det betyr ikkje at ein er motstandarar mot kommunesamanslåing eller Kommunereforma, men vi vil at både prosessen og vedtak fram mot eventuell samanslåing skal byggje på relevante FAKTA, FRIDOM og FOLKEAVRØYSTING. For dei tilsette er det viktig at det kjem tidleg signal om at ein ikkje skal frykte oppseiingar som fylgje av ei eventuell samanslåing. Dette må fylgjast opp med gode prosessar vidare.

Med fakta meiner vi at det er viktig at grunnlaget for ei eventuell samanslåing må vise til KLARE FORDELAR med dette, framfor den stoda ein har i dag. For oss er det viktig å halde på å skape eit STERKT LOKALDEMOKRATI, GODE FAGMILJØ, GODT ARBEIDSMILJØ og levere GODE TENESTER til innbyggjarane. Her er det viktig å lytte til både tilsette og innbyggjarar sitt syn på dette. Det er ikkje slik at større er betre i ein kvar samanheng.

Vi meiner og at det å slå saman to eller fleire kommunar kan få så store fylgjer og setje så mykje følelsar i sving at det kan vere uklokt å ikkje gjennomføre ei folkeavrøysting i spørsmålet om ein skal, og kven ein skal slå seg saman med.

Når det gjeld sjølve rapporten ynskjer vi at den tydlegare viser kva klare fordelar ein har ved å slå seg saman. Vi saknar at det i større grad kjem fram kvalitetsindikatorar som viser kvaliteten på tenestene i dag, og som viser forbedringspotensiale i høve til dagens kommunestruktur.

Takk for oss så lang. Vi ser fram til å fortsetje med eit godt samarbeid i prosessen vidare.

